



Byggmester-Skaar As
Postboks 37
5113 Tertnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5032 - 23/5783

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@alver.kommune.
no

Dato:
12.04.2023

Søknad om legalisering av bygning for sagbruk vert avvist - gbnr 116/15 Lauvås

Administrativt vedtak:

Saknr:

Heimelshavar:
Søkjær:
Søknadstype:

Ottar Atle Lauvås
Feleti Ita Group As
Søknad om oppretting av ny grunneigedom.
Søknad om dispensasjon.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. byggesaksforskrifta § 5-4 ,vert søknad om oppføring av driftsbygg for sagbruk avvist. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søkjer på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av driftsbygning for sagbruk på ca. 190,0 m² BYA. Ansvarleg søkjær opplyser at det står eit bygg som er i bruk, og at søknaden gjeld legalisering av dette, samt etablering av yttervegger på bygget.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.06.2022 og vårt brev datert 31.10.2022 om trong for fleire opplysningar i saka. Frist for innsending av etterspurd dokumentasjon vart sett til 05.12.2022.

Den 20.02.2023 ba Terje Skaar om utsett frist, og ny frist vart sett til 01.04.2023. Etterspurd dokumentasjon er ikkje motteke.

Planstatus

Eigedomen 116/15 ligg delvis i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel for Lindås 20019-2031 er definert som næringsområde (BN1).


For område BN1 er det set følgjande krav i KDP føresegn 3.1.5 c)

c) Særskilte område utan plankrav

Tabell 4 Særskilte næringsområde utan plankrav

Plankart ID	Område	Areal i daa (ca.)	Særskilte krav til området
BN1	Grønnevik	6,7	Ved søknad om tiltak skal det vere utarbeidd ein VA-plan som på førehand er godkjent av kommunen. Tiltak/aktivitetar som kan forureine drikkevasskjelda er ikkje tillatt.

Eigedomen 116/15 ligg og delvis innanfor reguleringsplan Fv 57 – gang/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad (planid: 1263-201407), der det regulerede område er regulert til næringsbygningar. Eksisterande bygning er ikkje innanfor det regulerede område.



VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande forhold som påpeikt i mangelsbrev datert 31.10.2022:

1. Det må sendast inn teikningar som synar avkøyning frå hovudvegen. Dersom avkøyning ikkje er i samsvar med reguleringsplan, må det søkjast om dispensasjon til Vestland fylkeskommune. Viser til uttale frå Vestland fylkeskommune.
2. Søknad om dispensasjon frå avstand til fylkesveg må sendast til Vestland fylkeskommune.
3. Vestland fylkeskommune må nabovarlast.
4. Det følgjer av KDP Lindås 2019-2031 at ved søknad om tiltak i næringsområde BN1 skal det vere utarbeidd ein VA-plan som på førehand er godkjent av kommunen. Tiltak/aktivitear som kan forureine drikkevasskjelda er ikkje tilatt.

Det er opplyst at tiltaket ikkje skal knytast til kommunalt vatn og avlaup, og at det ikkje vil bli utarbeidd ein VA-plan. Det må difor søkjast om dispensasjon frå nemde føresegn. Dispensasjon må nabovarlast og grunngjevast.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til behandling. Søknaden vert derfor avvist.

Vi gjer merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll.

Dette vedtaket vert send til tidlegare ansvarleg søkjar, samt Terje Skaar som ba om utsett frist til 01.04.2023.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 22/5032

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Hanne Marie Evensen

Avdelingsleiar

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Feleti Ita Group As

Søndre Ravnedalen 28

5170

BJØRNDALSTRÆ

Mottakarar:

Byggmester-Skaar As

Postboks 37

5113

Tertnes